


NYNORSK OVER ALLE GRENSER

Særtrekk ved nynorsk rettskriving





Skulen av Jorunn Hanto-Haugse

Oppgåve

Korleis kan du vere sikker på at teksten i teikneserien «Skulen» er skriven på nynorsk, og ikkje på bokmål?

Korleis vil du forklare til ein venn kva som er skilnadene på nynorsk og bokmål? Bruk skrivemåtar, ord og uttrykk frå teksten som eksempel i forklaringa di. Bruk litt tid på å lese gjennom teksten og finne fram til eksempel du vil bruke før du begynner å forklare.

Finn ut meir!

Finn ut meir om nynorske teikneseriar:

<http://www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/>

Diftongar

Ein diftong er sett saman av to vokalar: *au, øy, ei, ai*.



Teikn strekar frá bokmålsorda til dei tilsvarande nynorske orda.

Bokmål	Nynorsk
høst	heim
de	meir
lørdag	raud
grøt	draum
hjem	graut
nyhet	nyheit
ensom	haust
leke	blaut
mer	heil
drøm	dei
bløt	einsam
hel	leike
rød	laurdag
kjærlighet	kjærleik
drømme	drøyne



ei aud øy

Orda i parentes er på bokmål. Set inn rett nynorskord i setningane.

- (de) _____ som går der borte, kjenner eg.
(hjemme) Borte bra, men _____ best.
(mer) Eg vil ha _____ ris.
(drøm) I natt hadde eg ein herleg _____.
(drømme) Eg liker ikkje å _____ nifse draumar.
(ensom) Trur du klovnene er _____ ?
(rød) Guten gav jenta ei _____ rose.
(leke) Skal vi _____ ute?
(høst) Kvar _____ plar vi plukke sopp.
(grøt) Eg et _____ kvar morgon.
(lørdag) På _____ skal vi ha klassefest.
(hel) Ali åt ein _____ kylling.
(kjærligheten) _____ er størst av alt!

Nynorsk har *j* i mange ord.

Kva heiter desse orda på bokmål?

- ikkje _____
mykje _____
å fortelje _____
ei forteljing _____
å tenkje _____
å velje _____
å selje _____
å sitje _____
å spørje _____
å leggje _____
å telje _____

Bruk nokre av orda over og set dei på rett plass i setningane under.

- Læraren kunne _____ mange historier.
Eg liker ei spesiell _____, og den handlar om eit monster.
Ho er _____ særleg flink til å fortelje historier.
Mohammed har _____ spennande å fortelje frå heimlandet sitt.
Faiza kan _____ meg at han har lært mykje av besteforeldra sine.

Det er vanskeleg å _____ ei god historie.
Vil du _____ på denne stolen?
Kan eg få _____ deg om vegen?
Eg plar _____ meg kl. 22.00 kvar kveld.

Skriv ein kort tekst der du bruker orda over.

Greidde du å bruke alle orda? Samanlikn med ein annan elev.

Merk at nynorsk har nokre ord som skal skrivast med enkel konsonant:

Kva heiter desse orda på bokmål?

gut
grøn
son
glas
føter
saman
røter
tal

Vel rett ord ovanfrå og set det inn i setningane under:

Den nye _____ i klassen vår kjem frå Irak.
Eg vil gjerne vere _____ med han på fritida.
Han er _____ til ein politikar i Noreg.
José har _____ joggesko.
Miranda har mindre _____ enn eg.
Mange meiner det er viktig å kjenne til _____ sine.
Annahid gav meg eit _____ brus.
Lykke _____ mitt er 13.

Skriv eit dikt der du bruker dei fleste av orda over. Lag ein tittel.

Substantiv for yrke og nasjonalitet som på bokmål endar på -er, får på nynorsk -ar.



ein snikkar
ein bakar
ein lærar
ein kinesar
ein pakistanar
ein tyskar

Kva for andre yrke og nasjonalitetar veit du om, som endar på -er på bokmål?
Skriv dei på nynorsk.

Skriv ei kort kjærleiksforteljing om ein snikkar som forelskar seg i ein kinesar.

Mange ord som byrjar med *an-* og *be-*, kan ikkje nyttast på nynorsk:

å begrunne
å ansette
begravelse
begrep
anmerkning
å anklage
begavet
begynnelse

Prøv heller:

å grunngje
å tilsetje
gravferd
omgrep
merknad
å skulde
evnerik
byrjing

Knyt saman dei orda som tyder det same.

Lag ei setning med kvart av nynorskorda over.

Mange substantiv endar på *-else* eller *-het* på bokmål.
Etterstavinga *-else* er lite brukt på nynorsk.



Nynorsk

Bokmål

forelsking	forelskelse
forkjøling	forkjølelse
fridom	frihet
personlegdom	personlighet
nærleik	nærhet
likskap	likhet
takksemd	takknemlighet
arbeidsløyse	arbeidsløshet
kjærleik	kjærlighet
dugleik	dyktighet
einsemd	ensomhet
førebuing	forberedelse
samband	forbindelse
brotsverk	forbrytelse
løyndom	hemmelighet
innverknad	innflytelse
keisemd	kjedsomhet
leiing	ledelse
styresmaktene	myndighetene
merksemd	oppmerksomhet

venleik	skjønnhet
veikskap	svakhet
tolmod	tålmodighet
røynd	virkelighet
øydelegging	ødeleggelse
samvit	samvittighet
fukt	fuktighet
avgjerd	avgjørelse
rettferd	rettferdighet
sanning	sannhet

Framlegg til oppgåve: Lag memory-spel med orda ovanfor.

Skriv ei kort historie med utgangspunkt i biletet under. Bruk så mange ord som mogleg frå lista ovanfor.



Vi set eigedomspronomenet etter substantivet på nynorsk.

I setningane under er ordstillinga feil. Skriv setningane på nytt og set eigedomspronomenet på rett plass.

Døme: *Mi veske er ny.* → *Veska mi er ny.*

Min kamerat heiter Mustafa.

Vårt nye hus er raudt.

Hans nye fedreland er Noreg.

Eg vil vitje mine besteforeldre i juli.

Mi mamma er forfattar.

Vårt heimland har to årstider.

Min bror og syster kranglar ofte.

Mammas nye mobiltelefon fungerer bra.

Hennar nye slalåmski var dyre.

Eg fekk ikkje sympati med bokas hovudperson.

Verdsmeisterens pokal fall i golvet.

Lag tre setningar med kvar form av eigedomspronomenet «min»:
«min», «mi», «mitt» og «mine».

Set inn rett form av «din» etter kvart substantiv under:

sykkelen _____

mora _____

onklane _____

vekebladet _____

klokka _____

foreldra _____

veska _____

vennene _____

kjærasten _____

boka _____

historia _____

Genitiv med -s blir ikkje nytta så mykje saman med samnamn på nynorsk. I staden er det vanleg å bruke preposisjon eller eigedomspronomen:

~~Gutens~~ bøker. Bøkene til guten. Guten sine bøker.

Men vi kan bruke s-genitiv saman med særnamn:

Ahmeds moped er ny. Mopeden til Ahmed er ny. Ahmed sin moped er ny.

Skriv setningane under på nytt og bruk preposisjonar (t.d. *til, på, ved, i*) i staden for s-genitiv.

OL-lagets trenar er gymlæraren vår

Bokas tittel er *Kidnappa*.

Vi kjøpte naboens gamle bil.

Hundens halsband er raudt.

Vi vitja byens ordførar.

Det var mykje snø på husets veranda.

Skulens rektor kjem frå Chile.

Bilens lykter blei øydelagde i kollisjonen.

Tantes tortilla er verdas beste!

Hansens eplehage er tom for eple.

Kattens potar er kvite.

Heges son heiter Jonas.

Henrik Ibsens skodespel blir spela over heile verda.

Julie liker ikkje farens musikksmak

Kan du ta med deg mormors pannekaker når du kjem?

Av og til kan du bruke eit samansett ord i staden for ein s-genitiv: *kommunestyremedlemmene* i staden for *kommunestyrets medlemmer*.

Skriv dei same setningane på nytt og bruk eigedomspronomen eller samansetning i staden for s-genitiv.

Vi bruker ikkje *hv-* på nynorsk. I dei fleste høve bruker vi *kv-*.



Bokmål Nynorsk

hval	kval
hvit	kvit
hviske	kviskre
hverdag	kvardag
å hvile	å kvile
hvetemel	kveitemjøl
hverandre	kvarandre
hvis	viss el. dersom

Set inn rett ord frå ordsamlinga over:

Ein _____ sumde ved sida av meg.

Han var _____. Eg hørde at den kvite kvalen _____ i øyret mitt:

«I dag er det ein vanleg _____.

Eg treng _____ til å lage pannekaker.

Skaffar du meg det, kan du få _____ på ryggen min, _____ du vil.»

Lag minst sju spørsmål som du ønskjer å stille til ein kval.

Lag eit dikt om den kvite kvalen. Bruk orda ovanfor.

Spørjepronomen og spørjeord

Spørjepronomen	Andre spørjeord
Kor/kvar	Kva
Korleis	Kva for (ein, ei, eit)
Kvifor	Kva slags
Når	Kven

Kor/kvar bruker vi om ein stad:

Kor bur du? Eller: Kvar bur du?

Om mengd og grad bruker vi berre **kor**:

Kor mykje pengar har du brukt? Kor nøgd er du med teksten din?



- Hei, Maria. Korleis har du det?
- Eg har det ikkje bra.
- Kva har skjedd?
- Mor mi er så sur, og eg veit ikkje kvifor ho er det.
- Kvifor spør du henne ikkje?
- Eg veit ikkje korleis eg skal ordleggje meg, eller kva eg skal seie.
- Vil du at eg blir med deg heim? Kor bur mor di?
- Der borte.
- Kva for farge har huset?
- Det er raudt og har eit kvitt gjerde rundt seg.
- Ok, då blir eg med deg til den sure mor di og spør henne kvifor ho er så sur!

Skriv alle spørjeorda du finn i dialogen.

Skriv teksten om til bokmål, og strek under ord og endingar du måtte endre.



Lag ti spørsmål til det du ønsker å vite om India eller Kina. Strek under spørjeorda.

Byt spørsmål med kvarandre og sjekk at spørjeorda er rette.



Set inn dei rette nynorskorda:

- (hvor) _____ i verda ligg Dubai?
- (hva slags) _____ styresett har dei i Saudi-Arabia?
- (hvilke) _____ fargar har flagget i Saudi-Arabia?
- (hvorfor) _____ er landet så rikt?
- (hva) _____ heiter kongen i Saudi-Arabia?

- (hvor) _____ mange menneske bur i Dubai?
- (hvordan) _____ kjem ein seg til Saudi-Arabia frå Noreg?
- (hva slags) _____ mat trur du dei et?
- (hvilke) _____ land og hav grensar Saudi-Arabia til?
- (hvordan) _____ fekk Dubai namnet sitt?
- (hvem) _____ er den mest kjende personen i Saudi-Arabia?
- (hvorfor) _____ ønskjer så mange menneske å reise til Dubai?
- (hvordan) _____ er naturen i Saudi-Arabia?
- (hvilket) _____ språk bruker dei i Saudi-Arabia?



Førebu deg på eit intervju med ein person du ser opp til. Skriv spørsmåla du ønskjer å stille, og strek under spørjeorda.

Byt spørsmål med ein medelev, og sjekk spørjeorda til kvarandre.



Vitsar

Alle barna var blakke, bortsett frå Frode.
Han kunne pappas kode!

Kvifor er det ingen som vil kjøpe den gamle dyrehagen?
Han er for dyr!

Kvifor går alle molteplukkarane seg vill?
Det er ikkje lov å gå etter kart!

Ein gut gjekk bort til ei jente og spurde:

- Vil du danse?
- Ja takk, gjerne! svara ho.
- Fint, då tek eg stolen din!

Maria kom på skulen halv ti. Då sa læraren:

- Bravo! Så tidleg har du aldri kome for seint før.
- Eg brukte berre eitt år på å leggje dette puslespelet.
- Er ikkje det lang tid?
- Nei, på øskja står det 5 til 7 år.

Spørsmål om innhaldet i vitsane:

Kva for ein vits likte du best? Grunnge svaret ditt.

Vel tre av vitsane og skriv dei om til bokmål. Strek under ord og bøyingar du måtte endre på.

Kva meiner du er ein god vits?

Kva er skilnaden mellom ei gåte og ein vits?

Spørsmål om språket:

Skriv alle spørjeorda du kjenner til.

Lag ei setning med kvart spørjeord.

Skriv nokre gåter du kjenner til, og strek under spørjeorda du brukte.

Finn alle substantiva i vitsane og sorter dei i kolonnar etter kjønn.

Skriv regelen for korleis vi bøyer hankjønns-, hokjønns- og inkjekjønnsord.

Kreativ skrivning:

Lag di eiga vitsebok eller vitsemappe på pc-en. Spør foreldre, naboar og venner om dei kan bidra med vitsar til boka di.

Determinativ: *annan, nokon, ingen, ein*

I nynorsk bøyer vi nokre av dei vanlegaste determinativa slik:

hankjønn	hokjønn	inkjekjønn	fleirtal
annan	anna	anna	andre
eigen	eiga	eige	eigne
nokon	noka	noko	nokre eller nokon (alltid <i>nokon</i> ved spørsmål og nekting)

Set inn rett form av determinativet *annan*.

Eg tok på meg ei _____ lue.

Broren min gjekk ein _____ veg.

Det var berre eg og eit _____ menneske på bussen.

Har du _____ bøker enn desse?

Set inn rett form av determinativet *ingen*.

Det var _____ lett sak å slå rekorden.

Eg banka på døra, men det var visst _____ heime.

Her var det _____ hjelp å få!

Det løyndomsfulle rommet hadde _____ dør.

Set inn rett form av determinativet *nokon*.

Flyktningane hadde ikkje _____ hus å bu i.

Andrea hadde ikkje _____ varme klede å ha på seg.

Ho kunne ikkje sjå _____ endring.

Eg hadde ikkje _____ genser å låne henne.

Kven kunne tru at _____ kunne bu her?



Lag ein samtale mellom dei to hundane. Bruk så mange spørjeord som mogleg.

Ord og uttrykk som ein ofte gjer feil i:

Bokmål

Nynorsk

allerede	allereie
antall	tal, talet på, mengd, kor mange
bedre	betre
bo	bu
flere	fleire
foran	framfor
forbindelse	samband, samanheng
forrige	førre, sist(e)
fortsatt	framleis
fra	frå
fremdeles	framleis
gammel	gammal
hel	heil
hjem	heim
hode	hovud
huske	hugse
hvis	dersom el. viss
hver	kvar
hverandre	kvarandre
verken – eller	korkje – eller el. verken – eller
høy	høg
lav	låg
lørdag	laurdag
løsning	løysing
man	ein

samme	same
se	sjå
selv	sjølv
selvsagt	sjølvsagt
si	seie
sjelden	sjeldan
sted	stad
tegn	teikn
tro	tru
uke	veke
uten	utan
utenfor	utanfor
vann	vatn
vei	veg